



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

29.05.2024

Vår ref:

2024/6680

Dykkar dato:

24.04.2024

Dykkar ref:

202320038

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om uttak av grunnvatn til drikkevassforsyning på Bømoen i Voss herad

Statsforvaltaren har ikkje avgjerande merknader til søknaden om uttak av grunnvatn til drikkevassforsyning på Bømoen i Voss herad.

Vi viser til høyringsdokument i saka.

Kva søknaden gjeld

Voss herad har eit lovpålagt krav om å etablere ei reservevasskjelde til Vossevangen vassverk. Søknaden gjeld uttak av inntil 5184 m³/døgn (60 l/s) frå fem brønnar. Tiltaket skal etablerast på kommunal grunn i breelvavsettingar på Bømoen, ca. 5 kilometer aust for sentrum. Det planlagde vassverket må haldast operativt til ei kvar tid, og det er planlagt eit kontinuerleg vassuttak på 11 l/s, som vil supplere det eksisterande vassverket.

Våre merknader

Vassuttak til drikkevassføremål har høg prioritet opp mot andre samfunnsinteresser. Planlagt vassuttak vil truleg ikkje påverke vassføringa i Raundalselva, som er verna mot kraftutbygging, i nemneverdig grad.

Vi kjenner ikkje til viktige naturverdiar eller friluftsiinteresser som vil bli påverka av tiltaket.

Vi vurderer ut frå dette at tiltaket vil få små konsekvensar for allmenne interesser. Vi tek atterhald om at det kan vere lokale interesser som ikkje vi kjenner til.

Med helsing

Henriette Bye
konsulent

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Kopi til:

Voss herad

Vestland fylkeskommune

Postboks 145

Postboks 7900

5701

5020

VOSS

BERGEN